

Prosjektskildringar BARK-søknader Hordaland 2016

Prosjekta er dels skildra i dette dokumentet. Vedlagt søknaden ligg i tillegg søknadene slik dei vart levert til Hordaland fylkeskommune, samt skildring av søknader nytta i politisk sak. Det som framkjem i dette dokumentet er ei kort skildring av dei einskilde prosjekta med vekt på målet for prosjektet og kostnadsoverslag og finansiering. Sjå vedlagte søknader for informasjon om kommunal forankring av prosjekta i kulturminneplanar og liknande, informasjon om parkering, lokalt engasjement, framdriftsplan, med meir.

| | | |
|--|----------------|-------------|
| <i>Sokkamyro – forprosjekt for formidling av steinalderbuplass</i> | Bømlo kommune | (74.800,-) |
| <i>Håkonshaugen – Universell tilrettelegging av gravhaug</i> | Lindås kommune | (350.000,-) |
| <i>Bygdeborg på Tjørndalshaugen - Kulturminneskilt</i> | Odda kommune | (62.550,-) |
| <i>Kolgropen på Hesjabakk - Kulturminneskilt og rydding</i> | Odda kommune | (62.550,-) |
| <i>Kongshaugen på Apold - Kulturminneskilt og rydding</i> | Odda kommune | (29.150,-) |
| <i>Kulturminne på Isterveit - Kulturminneskilt og rydding</i> | Sveio kommune | (19.000,-) |
| <i>Bygdeborg på Børshovda – Kulturminneskilt</i> | Sveio kommune | (18.500,-) |
| <i>Kulturminne i Leirvik – Kulturminneskilt</i> | Meland kommune | (36.000,-) |
| <i>Årbakkasanden - Rydding av gravfelt</i> | Tysnes kommune | (12.000,-) |
| <i>Kulturminne på Rommetveit - Kulturminneskilt</i> | Stord kommune | (42.000,-) |
| <i>Vindenes – Kulturminneskilt øydegard</i> | Fjell kommune | (20.000,-) |

Det ligg føre skjøtselsplan for prosjektet i Stord kommune; kulturminne på Rommetveit. Prosjektet om formidling av kulturminne i Meland kommune har ikkje trond til skjøtselsplan. For dei øvrige prosjekta vil Hordaland fylkeskommune utarbeida skjøtselsplan i samråd med kommune og grunneigar som ledd i prosjektet. For dei fleste av prosjekta er det ikkje sett opp eigeninnsats for Hordaland fylkeskommune i kostnadsoverslaget. Det må likevel pårekna betydeleg eigeninnsats for Hordaland fylkeskommune i alle prosjekta i form av oppfølging, kvalitetskontroll og utarbeiding av skjøtselsplan.

Sokkamyro, Bømlo kommune

Søkjar: Bømlo kommune

Prosjektering av skjøtsel og tilrettelegging av steinalderlokalitet

Prosjektet

Lokaliteten er tilrettelagt med fleire formidlingsskilt, men denne tilretteleggingen fungerer ikkje tilfredsstillande. Det er slitasje på kulturminnet av ferdslle over lokaliteten. Det vert gjort skjøtsel av delar av lokaliteten, men det finst ikkje nokon vedteken skjøtselsplan. Hordaland fylkeskommune vil utarbeida ein skjøtselsplan for kulturminnet. Bømlo kommune søker om midlar til prosjektering for å få best mogleg grunnlag for gode løysingar med omsyn til både formidling og forsvarleg bruk. Gjennom forprosjektet skal følgjande tiltak verte konkretisert, budsjettet, vurdert og prioritert:

- Moglegheitene for betring av tilkomst via universelt utforma stiar/gangvegar/anna
- Formidling via teknologiske løysingar. Mogleg applikasjon for mobil og nettbrett som viser havni-vå/transgresjon/vitskapshistoria knytt til lokaliteten.
- Tilrettelegging og konkretisering av eit opplegg for skulane via den kulturelle skulesekken. Vurdera opplegg for å sertifisera skuleelevar som guidar på lokaliteten i sumarsesongen.
- Inkludera Sokkamyro og andre steinalderlokalitetar i området i eit påtenkt nettverk av stiar.

Dersom prosjektet får tilsegn om tilskot vil Bømlo kommune vurdera om det er naudsynt å leige inn eksterne ressursar til å leie prosjektet, eller om det skal gjerast med interne ressursar. Sjå vedlagt søknad for meir informasjon.

| Budsjett | Timar | Kostnad |
|--|-------|-----------|
| Oppgåve | | |
| Definering av innhald i eit opplegg for den kulturelle skulesekken og Hillesveit skule | 20t | 18.000,- |
| Definering av innhald i ein applikasjon | 30t | 27.000,- |
| Definering av teknologisk løysing av distribusjon av app | 30t | 27.000,- |
| Definering av behov for fysisk tilrettelegging og undersell tilkomst til/over myra | 20t | 18.000,- |
| Budsjettering av tiltaka | 20t | 18.000,- |
| Evaluering og prioritering | 10t | 9000,- |
| Administrasjon/transport etc | 14t | 12.300,- |
| Kjøp av tenester | | 20.000,- |
| SUM kostnad eks mva (timepris kr 900,-) | 144t | 149.600,- |

| Finansiering | |
|---------------------------|----------|
| BARK-midlar | 74.800,- |
| Tilskot frå Bømlo kommune | 74.800 |
| SUM | 149.600 |

Håkonshaugen, Lindås kommune

Søkjar: Lindås kommune

Oppgradering av tilrettelegging til UU og formidling

Prosjektet

Målet med prosjektet er at kulturminnet skal vera godt skjøtta og vedlikehalde, og at haugen skal vera universell tilgjengeleg og stå fram som del av landskapet. Prosjektet omfattar følgjande tiltak:

1. Fjerna eksisterande trapp og etablera ny gangsti med fast dekke som tilfredsstiller krav til universell utforming opp mot haugen.
2. Byta ut eksisterande natursteinsheller med grasmeringsrister på platå nord for sjølve haugen. Slik vil dekket bli jamnare og gå meir i eitt med landskapet rundt.
3. Fjerna mur i bakkant og på sørside av platå og jamne ut kantar slik at kulturminnet blir ein del av landskapet. Fjerne gjerdet rundt kulturminnet dersom det let seg gjere med tanke på husdyrhald. Legge forsiktig til rette for publikum ved sitjekantar i to nivå opp mot skråning i nord
4. Tilrettelegge for publikum ved å setje opp benkar og nye infotavler på platå der ny gangsti kjem opp til haugen.

Arbeidet vil verte utført på bestilling frå Lindås kommune, og kommunen vil ha ansvar for drift og vedlikehald av anlegget etter ferdigstilling. Det er planlagt at prosjektet skal ferdigstilla i 2017. Sjå vedlagt søknad for meir informasjon.

| Budsjett | Timar | Kostnad |
|---|------------|------------------|
| Masseflytning, maskintimar | 120t | |
| Vekkøring av rivingsmateriale (trapp, mur, gjerde) | 80t | |
| Masseutskifting, drenerande massar på platå | 40t | |
| Terrengarrondering ved etablering av ny gangsti til haugen | 30t | |
| Legging av grasmeringsnett og kantstein | 40t | |
| SUM arbeidstimar eks mva | 310 | 320.000,- |
| Grasmeringsnett ca 300m ² | | 300.000,- |
| Drenerande massar, gangveg til haugen ca 40meter, breidd 1,8m | | 15.000,- |
| Avrettingsmasse, gangveg til haugen ca 40meter, breidd 1,8m | | 15.000,- |
| Fast dekke (asfalt ev mais) ca 40meter, breidd 1,8m | | 50.000,- |
| Kantstein langs gangveg, 2x40m | | 25.000,- |
| Infotavle | | 15.000,- |
| Benkar, 2 stk | | 10.000,- |
| SUM kostnad eks mva | | 750.000,- |

| Finansiering | |
|----------------------------|------------------|
| BARK-midlar | 350.000,- |
| Tilskot frå Lindås kommune | 350.000,- |
| Dugnad | 50.000,- |
| SUM | 750.000,- |

Det omsøkte tiltaket vil føra med seg omfattende inngrep i grunnen og endring av omgivnadene til kulturminnet. Imidlertid er det allereie gjennomført omfattende inngrep i grunnen i samband med den eksisterande tilrettelegginga, kulturminnet er utgrave og restaurert, og den eksisterande tilrettelegginga legg sterke rammer for omgivnadene til kulturminnet. Den noverande tilrettelegginga er slitt og vanskeleggjera skjøtsel og bruk, og det er naudsynt å gjera tiltak på denne.

Det omsøkte tiltaket klårt inn under tiltak som vil krevja dispensasjon frå kulturminnelova. Det er i tillegg klårt at det vil vera naudsynt med meir omfattande skildringar av korleis tiltaket er planlagt gjennomført, og fylkeskommunen vil leggja føringar på korleis arbeidet kan gjennomførast. Det er element frå dei skissene vedlagt søknaden som må drøftast nærare. Fylkeskommunen er merksam på at det kan vera att spor i grunnen etter forhistoriske strukturar som ikkje tidlegare er kjent, og vil ha fokus på dette i prosjektet. Omsynet til universell tilkomst veg tungt i denne saka.

Endringar i budsjettet kan koma til ettersom vurdering av praktisk gjennomføring av tiltaket skrid fram. Til dømes er det usikkert kor stort behov det er for drenerande massar, og dette vil vera ukjent til tiltaket er sett i gong. Endringar i budsjett og finansiering vil verte avklart med Riksantikvaren. Det vil verte sendt søknad om dispensasjon frå kulturminnelova for prosjektet.

Bygdeborg på Tjørndalshaugen, Odda kommune

Søkjar: Odda kommune
Skilting av bygdeborg

Målet for prosjektet er formidla informasjon om kulturminnet til brukarane av turområdet, samt å sikra at kulturminnet framleis er synleg gjennom skjøtsel. Staden skal kompletterast som friluftsmål med info til skulelever og interesserte. Det er framleis synleg ein rest av muren, men det er i ferd med å veksa lyng og anna vegetasjon kring steinane. Prosjektet vil rydda fram muren og setje opp eit formidlingsskilt nær toppen av haugen for å fortelja om staden. Det vil òg verte sett opp mindre skilt ved parkeringsplassen og i vegskilje for å visa veg til kulturminnet for dei som ikkje allereie kjenner til det. Sjå vedlagt søknad for meir informasjon.

| Budsjett | | | |
|---|-----|---------|------------------|
| Oppgåve | | Timar | Kostnad |
| Prosjektering av tilrettelegging av området (timepris 500,-) | 5t | 2500,- | |
| Rydding og fjerning av vegetasjon (timepris 500,-) | 10t | 5000,- | |
| Produksjon av innhald for skilt (timepris 500,-) | 10t | 5000,- | |
| Produksjon av illustrasjonar for skilt (timepris 500,-) | 10t | 5000,- | |
| Grafisk utforming av skilt (timepris 800,-) | 9t | 9.600,- | |
| Trykk av 3 aluskilt med vinylprint og laminering | | | 7.500,- |
| Stativ i tremateriale x 3 | | | 25.500,- |
| Installasjon, betongarbeid, material for installasjon (3 skilt) | | | 45.000,- |
| Installasjon/produksjon av lite vegvisarskilt (pil opp til stien) | | | 20.000,- |
| SUM | | | 125.100,- |

| Finansiering | |
|--------------------------|------------------|
| BARK-midlar | 62.550,- |
| Tilskot frå Odda kommune | 62.550,- |
| SUM | 125.100,- |

Kolgropene på Hesjabakk, Odda kommune

Søkjar: Odda kommune

Skjøtsel og tilrettelegging av kolgropene og jernvinneanlegg

MERK: Odda kommune har sendt tre søknader og har dette prosjektet som 1. prioritet.

Kolgropene er del av det større anlegget på Seljestad, og ligg tett ved ein sti og nært parkeringsplass. Det går veg inn i området. Her er fleire gropar som framleis er godt synlege, men som snart vil verte skjult av vegetasjon utan skjøtsel. Eit jernvinneanlegg er synleg på overflata men også dette har stor trøng til skjøtsel. Det er truleg få som nyttar området som kjenner til kulturminna, og formålet med prosjektet er å sikra kulturminna mot aktlaus skade gjennom formidling og rydding. Vegetasjonen skal ryddast frå kanten av gropene, og det vil verte sett opp eit skilt litt unna kulturminna som viser kvar dei kan finnast.

Ved ei myr nær gropene ligg det ei stor trestamme som er graven fram av myra. Denne har ein svært annleis dimensjon enn dei trea som veks i området i dag, og store delar av området er myr. Det vil verte sett opp eit skilt ved denne trestamma som fortel om vegetasjonen som før gjorde kolbrenning mogleg i området. Det vil i tillegg setjast opp eit skilt på parkeringsplassen. Dette vil vera tilgjengeleg for alle. Sjå vedlagt søknad for meir informasjon.

| Budsjett | | | |
|---|--|-------|------------------|
| Oppgåve | | Timar | Kostnad |
| Prosjektering av tilrettelegging av området (timepris 500,-) | | 10t | 5000,- |
| Rydding og fjerning av vegetasjon (timepris 500,-) | | 20t | 10.000,- |
| Produksjon av innhald for skilt (timepris 500,-) | | 25t | 12.500,- |
| Produksjon av illustrasjoner for skilt (timepris 500,-) | | 20t | 10.000,- |
| Grafisk utforming av skilt (timepris 800,-) | | 12t | 9.600,- |
| Trykk av 3 aluskilt med vinylprint og laminering | | | 7.500,- |
| Stativ i tremateriale x 3 | | | 25.500,- |
| Installasjon, betongarbeid, material for installasjon (3 skilt) | | | 45.000,- |
| SUM | | | 125.100,- |

| Finansiering | |
|--------------------------|------------------|
| BARK-midlar | 62.550,- |
| Tilskot frå Odda kommune | 62.550,- |
| SUM | 125.100,- |

Kongshaugen på Apold, Odda kommune

Søkjar: Odda kommune

Skjøtsel og skilting av gravrøys

Målet med prosjektet er å rydda fram og formidla ei gravrøys frå bronsealder på Apold. Kongshaugen er godt synleg, men det står fleire store tre i røysa og kvist og lauv frå desse er i ferd med å dekka røysa. Trea må fellast, og vegetasjonen i kanten av røysa fjernast for å opna opp kring kulturminnet. Staden er nytta til friområde, og formidling av kulturminnet er viktig for å setje fokus på dei positive verdiane og for å unngå aktlaus skade til dømes ved at det vert tatt Stein til bygging av grue, eller liknande. Røysa er synleg frå parkeringsplass ved vegen, og det vil verte sett opp eit formidlingsskilt her som vil vera tilgjengeleg for alle. Sjå vedlagt søknad for meir informasjon.

| Budsjett | Timar | Kostnad |
|--|-------|----------|
| Oppgåve | | |
| Prosjektering av tilrettelegging av området (timepris 500,-) | 10t | 5000,- |
| Rydding og fjerning av vegetasjon (timepris 500,-) | 25t | 12.500,- |
| Produksjon av innhald for skilt (timepris 500,-) | 10t | 5000,- |
| Produksjon av illustrasjonar for skilt (timepris 500,-) | 10t | 5000,- |
| Grafisk utforming av skilt (timepris 800,-) | 6t | 4.800,- |
| Trykk av aluskilt med vinylprint og laminering | | 2.500,- |
| Stativ i tremateriale | | 8.500,- |
| Installasjon, betongarbeid, material for installasjon | | 15.000,- |
| SUM | | 58.300,- |

| Finansiering | |
|--------------------------|----------|
| BARK-midlar | 29.150,- |
| Tilskot frå Odda kommune | 29.150,- |
| SUM | 58.300,- |

Kulturminne på Isterveit, Sveio kommune

Søkjar: Sveio kommune

Skjøtsel og skilting av gravrøys og bautasteinar

Ved tursti og gamal kyrkjeveg ligg det to moglege bautasteinar kalla «Brørsteinane». Det er ei lokal segn knytt til steinane, og det er sett opp eit lite skilt som fortel om dette. Langs stien er òg ei mykje tilgrodd gravrøys. Stien skal merkast betre og skiltast frå veg, og i samband med dette er det ynskje om å formidla kulturminna betre. Målet med prosjektet er å rydda fram gravrøysa og å formidla røysa og steinane og historia til området på eit skilt ved bautasteinane. Det skal merkast til gravrøysa med pilskilt då denne ligg eit lite stykke frå stien. Sjå vedlagt søknad for meir informasjon.

| Budsjett | Timar | Kostnad |
|---|-------|----------|
| Oppgåve | | |
| Grafisk utforming | | 7000,- |
| Trykk | | 3000,- |
| Stenderstativ | | 5400,- |
| Konsulentbistand illustrasjon | | 5000,- |
| Konsulentbistand tekst | | 6000,- |
| Omsetjing til engelsk/tysk | | 1000,- |
| Kart | | 2000,- |
| Montering/rydding | | 2000,- |
| Diverse materiell | | 600,- |
| Div småskilt (skilt v gravrøys, pilskilt) | | 1000,- |
| Administrasjon/oppfølging | | 5000,- |
| SUM | | 38.000,- |

| Finansiering | |
|----------------------|----------|
| BARK-midlar | 19.000,- |
| Sveio kommune | 10.000,- |
| HFK | 7000,- |
| Dugnad (10t à 200,-) | 2000,- |
| SUM | 38.000,- |

Bygdeborg på Børshovda, Sveio kommune

Søkjar: Sveio kommune
Skilting av bygdeborg

Det er merka sti til toppen av Børshovda, med skilt ved veg og merking etter nasjonal standard. Borga er kort omtala på skiltet ved vegen, men er elles ikkje formidla. Området er mykje nytta til friluftsliv, og mange kjenner til at det er ei bygdeborg. Det er likevel lite kjent kva rolle bygdeborger hadde i samfunnet og korleis ein kan sjå spor etter denne i terrenget. Målet med prosjektet er å formidla kulturminnet ved å setje opp eit kulturminneskilt ved toppen av Børshovda. Skiltet bør fortelja om borga og den historiske samanhengen. Sjå vedlagt søknad for meir informasjon.

| Budsjett | Timar | Kostnad |
|-------------------------------|-------|-----------------|
| Oppgåve | | |
| Grafisk utforming | | 7000,- |
| Trykk | | 3000,- |
| Stenderstativ | | 5400,- |
| Konsulentbistand illustrasjon | | 5000,- |
| Konsulentbistand tekst | | 6000,- |
| Omsetjing til engelsk/tysk | | 1000,- |
| Kart | | 2000,- |
| Montering/rydding | | 2000,- |
| Diverse materiell | | 600,- |
| Administrasjon/oppfølging | | 5000,- |
| SUM | | 37.000,- |

| Finansiering | |
|---------------|-----------------|
| BARK-midlar | 18.500,- |
| Sveio kommune | 8.500,- |
| HFK | 8000,- |
| Dugnad | 2000,- |
| SUM | 37.000,- |

MERK: Feil i vedlagt søknad difor endring i budsjett frå søknad. HFK lagt inn med meir eigeninnsats for synfaring og avklaring av skiltpllassering.

Kulturminne i Leirvik, Meland kommune

Søkjar: Meland kommune

Formidling av utgravne arkeologiske lokaliteter

I samband med utbygging av Meland Golf og Naturpark i Leirvik vart det gjort omfattande arkeologiske utgravingar av mellom anna buplassar frå yngre steinalder og busetjingsspor frå yngre jernalder. Desse funna er ikkje formidla lokalt. Måler med prosjektet er å setje opp eit formidlingsskilt som vil gjera dei mange funna kjent for ålmenta og brukarane av området. Tavla skal setjast opp på allereie opparbeidd plass ved driftsbygningane til den gamle husmorskulen, som no vert nytta av golfklubben. Tavla skal ta utgangspunkt i utgravingane i området og formidla eit utval av desse. Fokus skal vera på korleis området såg ut og vart nytta i fortida, og informasjonen skal retta seg særleg mot born og unge. Sjå vedlagt søknad for meir informasjon.

| Budsjett | Timar | Kostnad |
|--|-------|---------------|
| Oppgåve | | |
| Illustrasjonar og konsultering | | 12.000,- |
| Språkvask og oversetjing | | 4000,- |
| Innsats Meland goldklubb med fundamentering | | 7.500,- |
| Eigeninnsats utforming og styring (10 dagar) | | 23.000,- |
| Trykk tavle Arkikon, A0 1220x1220 liggjande visjon | | 22.500,- |
| Vinkla stenger | | 3.125,- |
| SUM | | 72.125 |

| Finansiering | |
|-----------------------------|-----------------|
| BARK-midlar | 36.000,- |
| Eigeninnsats Meland kommune | 23.000,- |
| Midlar Meland kommune | 5625,- |
| Dugnad Meland golfklubb | 7.500,- |
| SUM | 72.125,- |

Årbakkasanden, Tysnes kommune

Søkjar: Tysnes kommune

Skjøtsel og skjøtselsplan for gravfeltet på Årbakka

Årbakkavollen er eit svært viktig kulturminne både lokalt og regionalt. Det er no starta opp fredingssak for området. Lokaliteten er formidla gjennom eit kulturminneskilt som er sett opp med feltet. Målet med prosjektet er å sikra god og langsiktig skjøtsel av gravfeltet på Årbakka. Primært vil ein søkja å få på plass ein beiteavtale med småfe. Gravfeltet vert i dag beita med hest, men det er ikkje tilstrekkeleg beitepress til å halda vegetasjonen i sjakk, samt at hest har stort marktrykk og kan føra til slitasje. Delar av feltet er tilgrodd og må ryddast. Hordaland fylkeskommune vil utarbeida ein skjøtselsplan for arbeidet.

| Budsjett | Timar | Kostnad |
|-------------------------|-------|----------|
| Oppgåve | | |
| Administrasjon | | 4000,- |
| Beiting | | 10.000,- |
| Dugnad skjøtsel | | 4000,- |
| Tilskot lag/arbeid m.m. | | 10.000,- |
| SUM | | 28.000,- |

| Finansiering | |
|----------------------------|----------|
| BARK-midlar | 12.000,- |
| Tilskot frå Tysnes kommune | 12.000,- |
| Dugnadsarbeid | 4000,- |
| SUM | 28.000,- |

Kulturminne på Rommetveit, Stord kommune

Søkjar: Stord kommune

Skjøtsel og tilrettelegging av gravrøys og nausttuft

I 2015 vart det søkt om BARK-midlar til to prosjekt i Stord kommune, Rommetveit og Hystadmarka. Rommetveit fekk avslag, men det vart oppmoda om å søkja på nytt til dette prosjektet. Prosjektet omfattar skjøtsel og formidling av ei gravrøys og ei nausttuft. Prosjektet var høgt prioritert av kommunen, og vart difor likevel starta opp i 2015. Det er gjennomført fleire dugnader og lagt ned mykje arbeid i rydding av nausttufta i løpet av 2015. Denne står no fram som velhalde. Det er òg utarbeidd illustrasjonar til formidlingsskilt.

Målet med prosjektet som vert omsøkt i 2016 er å ferdigstilla det påbegynte arbeidet. Det skal gjennomførast skjøtsel av gravrøysa og setjast opp to formidlingsskilt for røys og nausttuft. Kostnadsoverslaget er omarbeidd frå søknaden i 2015 til å inkludera berre det arbeidet som ikkje er gjennomført.

| Budsjett | Timar | Kostnad |
|-------------------------------------|-------|----------|
| Oppgåve | | |
| Foto av 3 gjenstandar | | 1.200,- |
| Oversetjing tekst til 2 språk x 2 | | 3.200 |
| Trykk x 2 | | 6000,- |
| Layout x 2 | | 10.000,- |
| Fundament x 2 | | 4000,- |
| Benk | | 14.000,- |
| Opparbeiding plass framfor skilt | | 10.000,- |
| Kostnad administrasjon/opparbeiding | | 37.000,- |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| SUM | | 85.400,- |

| Finansiering | |
|---------------------------|----------|
| BARK-midlar | 42.000,- |
| Tilskot frå Stord kommune | 14.000,- |
| Andre midlar | 6.400,- |
| Dugnadsarbeid | 13.000,- |
| HFK eigeninnsats | 10.000,- |
| SUM | 85.400,- |

Vindenes, Fjell kommune

Søkjar: Fjell kommune

Skjøtsel og tilrettelegging av øydegard og gravrøys

Målet med prosjektet er å halda fram med det arbeidet som vart påbegynt i 2015 med rydding og formidling av kulturminna på Vindenes. Prosjektet søkte om og mottok midlar til formidlingsskilt gjennom BARK i 2015. I løpet av 2015 er det gjort mykje arbeid på prosjektet, mellom anna restaurering av ei gravrøys og skjøtsel av tuftene på øydegarden. Det er planlagt lyngbrenning i området for å betra beitetilhøve slik at området lettare kan skjøttast gjennom beiting. Ein ynskjer utsetje oppsetjing av skilt til etter lyngbrenninga er gjennomført der det er aktuelt med skilt. Området er mykje nytta til turgåing, og ein vil leggja til rette for formidling av kulturminne i samband med denne aktiviteten. Fjell kommune har sett fokus på kulturminna gjennom å tilby guida turar til Høybøen og dei kringliggjande steinalderbuplassane, og dette er eit populært tilbod. Til formidling vil ein nytta ein kombinasjon av skilting og NFC-brikker.

| Budsjett | Timar | Kostnad |
|---|-------|----------|
| Oppgåve | | |
| Vidare rydding og skjøtsel eigen dugnadsinnsats | 200 | 20.000,- |
| Vidare rydding og skjøtsel – ekstern arbeidskraft | | 5000,- |
| Konsulenthjelp lyngbrenning | | 5000,- |
| Tilrettelegging av turstiar - materiale | | 10.000,- |
| Illustrasjon til skilt | | 15.000,- |
| Skiltmateriell | | 20.000,- |
| SUM | | 75.000,- |

| Finansiering | |
|--------------------------------|----------|
| BARK-midlar | 20.000,- |
| Eigeninnsats frå Fjell kommune | 35.000,- |
| Dugnadsarbeid | 20.000,- |
| SUM | 75.000,- |